Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!

Hardanger

# Hardanger Ungdomsråd på Hardangerkonferansen 14.11.19

BJØRK-HÅVARD-ODA-EMILIE-EUSEBIU

## *Tusen takk for invitasjonen!*




HOTEL

Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!

Hardanger

## Kven er Hardanger Ungdomsråd?

- Dei 7 ungdomsrådsleiarane frå dei 7 Hardangerkommunane:
  2019: Eidfjord,Granvin, Jondal,Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik
  2020: Eidfjord,Kvam, Ullensvang, Ulvik og Voss
- Vart fyrste gong konstituert 10.02.2010
- Har 4-6 rådsmøter i året
- Hardanger UngdomsTING 1 gong i året - samlar alle ungdomsrådsmedlemmer i Hardanger. Sist gong var også Samnanger og Voss med.

# Hardanger UNGdomsting 2018 i Granvin









# Ungdom i Hardanger slår ring om ambulansetenesta

– Me kjem aldri til å gje oss i denne saka. Ho er så viktig for oss, og for at det skal bu folk her i framtida!






## Krev lovfesta responstid for ambulanse

# – Det står om liv og død

**Hardanger ungdomsråd meiner det er sprøtt at det ikkje får konsekvensar når ambulansen brukar dobbelt så lang tid som tilrådd.**

ANDREA RYGG NØTTVEIT/FRAMTIDA
redaksjon@hardanger-folkeblad.no

– Det er mange døme på at responstida har vore på både 50 og 60 minutt. Då står det om liv og det er ikkje akseptabelt, seier avtroppande leiar i Hardanger ungdomsråd Tiril Eiken (18) til avisa Framtida.

Framtida møtte Hardanger ungdomsråd på veg inn på Stortinget tysdag i førre veke. Der skulle dei møta Hordalandsbenken for å snakka om ambulansetenesta i distrikta, som dei er svært uroa for.

I mai skreiv ungdomsrådet eit brev til stortingsrepresentant Terje Breivik (V) der dei ber om at den tilrådde responstida for ambulansar vert lovfesta. Brevet vart òg sendt til Senterpartiets Kjersti Toppe, Helse Vest, Helse Bergen, Helse Fonna og alle ordførarane i Hardanger.

Den tilrådde responstida for ambulansane er i dag 25 minutt på bygda og 12 minutt i byen.

– Det er eit veldig stort ansvar å påleggja frivillig brannvesen å koma først til ein ulukkesstad der det er snakk om liv og død, eller store kutt, seier Tiril Eiken.

Ho peikar òg på at god beredskap i distrikta er viktig på grunn av risikofylte arbeidsplassar, som til dømes bønder, skogbrukarar og fiskeoppdrett.

**Senterpartiforslag**

15. november i år behandla Stortinget eit representantforslag frå Senterpartiet om å forskriftsfesta responstida til 8, 12 og 25 minutt som er anbefalingane frå Akuttutvalet.

Forslaget fekk støtte frå KrF, MDG, Raudt og SV, medan Arbeidarpartiet saman med regjeringspartia Frp, Høgre og Venstre stemte imot.

Stortingsrepresentant frå Hordaland og nestleiar i helse- og omsorgskomiteen, Kjersti Toppe, var ein av representantane bak forslaget.

Ho meiner lovfesta responstid for ambulansane er veldig viktig for å hindra ei vidare sentralisering av tenesta.

– I dag er det rettleiande responstider for ambulanse. Problemet er at ingen helseføretak bryr seg særleg om dei. For det er knapt ein kommune der dei blir følgt opp. Verst meiner eg det er i distriktskommunar, der

**PÅ STORTINGET:** *– Det er faktisk noko som står om liv og død. Det er ikkje berre eldre som kan skada seg. Det gjeld oss òg, eller det kan vera besteforeldra våre, seier Marte Kristoffersen (16) frå Granvin ungdomsråd (andre frå høgre), saman med (frå venstre) Tiril Eiken frå Jondal, Bjørk Thorbjørnsen frå Ulvik, Oda Medhus frå Eidfjord og resten av Hardanger ungdomsråd var ho på Stortinget for å løfta saka.*
**FOTO: ANDREA RYGG NØTTVEIT/FRAMTIDA.NO**

ne går feil veg. Avisa siterer ein rapport som viser at helsepersonell i Ulvik er lite nøgd med ambulansetenesta, fordi responstida er for lang. Om det er behov for ambulanse kjem denne anten frå Voss eller Eid-

Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Hardanger

# Me arbeider fortsatt for:

## LOVBESTEMT RESPONSTID PÅ AMBULANSETENSTER i HEILE NORGE:

**12,5 minutt i BY**

**25,0 minutt i DISTRIKTET**

Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Hardanger

Dette er fakta om responstid i Hardanger:

Gjennomsnittleg responstid

Lengste responstid

- Eidfjord : .. over 36 minutt
  .. over 60 minutt
- Granvin: .. over 29 minutt
  .. over 40 minutt
- Kvam: .. over 18 minutt
  .. over 50 minutt
- Ulvik: .. over 40 minutt
  over 50 minutt

Hardanger Ungdomsråd
... med auge for framtida!

Hardanger

# Digitalisering

- Kva er digitalisering?
- Kvam Ungdomsråd - Spørjeundersøking



VS



Hardanger
Ungdomsråd

*... med auge for framtida!*

Hardanger





# Kva er viktig for å bu i Hardanger?

Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Hardanger











Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Hardanger

# Ungdomsråd i Hardanger - kva betyr det?



Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

## Me set pris på invitasjonen ;-)

□ □ □ □ □

## Det er tross alt me som er framtida;)

Hardanger